

Europakommisjonen i tenkeboksen om Europas framtid

30. juni 2017

Europakommisjonen la 1. mars fram eit [diskusjonsnotat om Europas framtid](#). Her skisserte Kommisjonen fem ulike alternativ for korleis EU kan utvikle seg framover. Dette omfattar å vidareføre status quo, konsentrasjon om den indre marknaden, la land som ynskjer det samarbeide tettare, mindre samarbeid enn i dag eller eit enda tettare samarbeid.

Kommisjonen har ikkje tatt stilling til dei ulike alternativa, men har oppmoda om debatt om vegen vidare. Målet er også å synleggjere at politiske val, nasjonalt og på EU-nivå, har konsekvensar for korleis EU vil utvikle seg og kva EU kan forventast å løyse.

Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker sa ha vil komme med si tilråding om vegen vidare i sin tale om tilstanden i EU hausten 2017. Målet er deretter at Det europeisk råd kan gjere vedtak og leggje ein handlingsplan i forkant av valet til Europaparlament våren 2019.

I etterkant av det overordna diskusjonsnotatet har Kommisjonen også lagt fram fem refleksjonsnotat som går nærare inn på nokre utvalde tema:

- [Den europeiske sosial dimensjonen](#)
- [Globalisering](#)
- [Styrka økonomisk og monetært samarbeid](#)
- [Framtidig europeisk forsvar](#)
- [Framtidig EU-budsjett](#)

Dei ulike notata har alle analyser av ulike drivkrefter som har implikasjonar for EUs politikk og utvikling og fleire skisser alternative scenario for vegen vidare. Desse scenarioa er basert på ulike grader av politisk integrasjon. Det har kome kritikk av at Kommisjonen i røynda berre utsett viktige avgjerder gjennom desse dokumenta. Guy Verhofstad, leiar for den liberale gruppa i Europaparlamentet sa i juni at Kommisjonen må vere noko meir enn ein tenketank. Det er nok fakta på bordet. Kommisjonen må nå ta leiarskap og få medlemslanda med på vedtak og handling sa han.

1. Den sosial dimensjonen

Notatet peker på at dei økonomiske pilene nå peikar oppover. Det er likevel mange i Europa som spør seg om fordelar og ulemper som kjem med opne marknader og samfunn, teknologiske skift og innovasjon blir jamt fordelt. Kan Europa sikre rettferdig fordeling framover? Det er viktig å drøfte korleis dei sosiale modellane kan utviklast og tilpassast dei utfordringane EU står overfor. Levekåra i EU er gode i ein global samanheng, men det er store skilnadar mellom EU-land og internt i mange land, t.d. når det gjeld BNP eller arbeidsløyse. Det er også skilnadar i dei sosiale ordningane. Befolkninga i EU blir eldre, samfunna er meir samansette og arbeidsmarkanden har endra. Tiltak for sosial utjamning fungerer, men nye sosiale utfordringar krev moderniserte ordningar. Det er viktig å investere i tiltak som rustar den enkelte innbyggjar til å møte utfordringane m.a. gjennom gode utdanningssystem, landa bør lære av kvarandre og ikkje minst bygge vidare på eksisterande fundament.

Kommisjonen skisserer tre scenario for å vidareutvikle den sosiale dimensjonen:

- Avgrense den sosiale dimensjonen til frie personrørsler gjennom vidareutvikling av den indre marknaden
- Legge til rette for at land som ynskjer det kan styrke samarbeidet
- Heile EU styrkar den sosial dimensjonen saman

Gjennom konkrete døme, illustrerer Kommisjonen kva dei ulike alternative vil medfører i praktisk politikk og drøftar fordelar og ulemper med dette. Kommisjonen arrangerer saman med den svenske regjeringa eit sosialt toppmøte i Gøteborg 17. november.

2. Globalisering

Notat har som mål å gje ei objektiv og faktabasert framstilling av kva globalisering betyr for Europa og europearane. Kommisjonen viser at det ikkje er slik at dei landa med mest opne marknader i EU er det med størst skilnadar mellom folk. Ulike teknologiske utviklingstrekk fører til at globaliseringa går raskare og tek nye former framover. Svaret på globaliseringa er ikkje isolasjonisme, men globalt samarbeid og globale reglar. EU skal fortsatt vere ei kraft for å sikre dette t.d. gjennom å bidra til at FN's berekraftsmål blir oppnådd og at Paris-avtalen blir oppfylt. EU skal også sikre rettferdig internasjonal rammevilkår for handel. Samstundes er det viktig å leggje til rette for at EU er best mogleg rusta til å møte globaliseringa. Kompetanse, innovasjon og regelforenkling er døme på element som er viktig for dette.

3. Økonomisk og monetært samarbeid

Kommisjonen argumenterer for at den økonomiske og monetære unionen kan styrkast og fullførast fram til 2025. Det blir vist til at det stadig er store sosiale og økonomiske skilnader internt i og mellom dei ulike eurolanda. Desse skilnadane må reduserast. Den økonomiske og monetære unionen må bli enda betre rusta til å tåle framtidige økonomiske sjokk. Kommisjonen viser til at det er ulike politiske syn, men at det er viktig å finne breie kompromiss både om vegen vidare og rekkefølga på dei ulike trinna framover. Dette bør baserast på nokre prinsipp:

- Sysselsetting, vekst, sosial rettferd, økonomisk konvergens og finansiell stabilitet er måla – den økonomiske og monetære unionen er berre eit verkemiddel
- Ansvar, solidaritet, risikoreduksjon og risikodeling heng saman
- Alle EU-land er venta å bli med i euroen (Berre Danmark og Storbritannia har unnatak i traktaten)
- Det må bli større openheit om vedtak slik at innbyggjarane veit korleis vedtak blir fatta og av kven og kva effektane av vedtaka er.

Kommisjonen tek til orde for at ein fyrste omgang fullfører arbeidet med bank- og kapitalmarknadsunionen, inkludert etablere ein felles europeisk innskottsgaranti. I neste fase frå kring 2020 bør det arbeidast med å styrke dei institusjonelle rammene for den økonomiske og monetære unionen.

4. Europeisk forsvar

Med utgangspunkt i strategiske, politiske, teknologiske og økonomiske drivarar, argumenterer Kommisjonen for eit tettare EU-samarbeid om forsvar og sikkerheit. Samstundes blir det understreka at dette ikkje skal erstatte, berre komplettere, NATO-samarbeidet. Det blir skissert tre ulike scenario for EUs vidare forsvarssamarbeid, jf. også omtale i [Stortingets EU/EØS-nytt](#) 8. juni:

- *Sikkerheits- og forsvarssamarbeid:* Vidareføre og betre det eksisterande samarbeidet m.a. med eit nytt forsvarsfond. Samarbeidet med NATO vil vere som i dag.
- *Delt sikkerhet og forsvar:* Meir felles ansvar innan sikkerhet og forsvar og samling av enkelte finansielle og operasjonelle aktivitetar. EU vil ha ei større rolle knytt til t.d. cyberforsvar, grensevern og kamp mot terror. EU skal også styrke den forsvars- og sikkerheitspolitiske dimensjonen på politikkområde som energi, helse, toll og rompolitikk. Dette vil auke samarbeidet og koordineringa med NATO.
- *Felles forsvar og sikkerhet:* Ei gradvis utforming av ein felles forsvarspolitik, med grunnlag i artikkel 42 i EU-traktaten. E gruppe EU-land kan å gå vidare med eit felles forsvar. EU skal være i stand til å foreta avanserte sikkerheits- og forsvarsoperasjonar og det vil vere ein felles marknad for forsvarsmateriell. EU og NATO skal ha eit felles ansvar for vern av Europa.

5. EU-budsjettet framover

EUs felles budsjett er på 1087 milliardar euro, tilsvarande ca. 1 prosent av samla verdiskaping i EU. Den nåverande budsjettperioden varer frå 2014-2020. Kommisjonen seier det må gjerast tøffe val for den neste budsjettperioden. Storbritannias står i dag for ca. 16 prosent av EUs budsjett. Brexit betyr at EU mister ein netto-bidragssytar. Samstundes er det behov for pengar å takle nye utfordringar. Dette kan enten skje ved omprioriteringar eller nye inntekter. Prioriteringane og ambisjonane EU har må reflekterast i korleis budsjettet blir utforma skriv Kommisjonen. Dette omfattar val knytt til mellom anna økonomisk utjamning, felles landbrukspolitik, migrasjonshandtering og eksterne ambisjonar.

Kommisjonen viser til at budsjettet framover må prioritere felles innsats der dette gjev ein meirverdi, og at det er viktig med auka innsyn og demokratisk kontroll med pengebruken, ha større fleksibilitet og enklare reglar. Notatet skisserer nokre scenario for vegen vidare (alt frå status quo til radikal omlegging) og viser kva effektar for ulike politikkområde. Sentrale spørsmål vil vere kor mykje pengar skal gå til landbruks- og strukturpolitikk (som står for 70 prosent av budsjettet i dag) og om rabattsystemet for dei som er netto bidragssytarar, skal vidareførast. Eit anna sentralt spørsmål er i kva grad EU skal ha fleire egne direkteinntekter (t.d. frå finanstransaksjonsskatt eller karbonprising) eller stadig i hovudsak basere seg på kontingenten frå medlemslanda. Det blir også argumentert for a budsjettperioden bør vere fem år og dermed samanfalle med mandatperioden til Kommisjonen og Europaparlamentet. Målet er ein debatt fram til Kommisjonen skal kome med sitt framlegg til nytt langtidsbudsjett om ca. 1 år i 2018.

Kommentar

Kommisjonen ynskjer gjennom desse dokumenta både debatt om EUs framtid, men også å illustrere samanhengen mellom politiske alternativ og kva EU kan ta ansvar for. Kommisjonen er ofte irritert over at nasjonale politikarar tek æra for alt som går bra og skuldar på Brussel når noko ikkje fungerer. I samband med migrasjonskrisa har Kommisjonen og Europaparlamentet til dømes sagt at EU har levert og at krisa i stor grad skuldast manglande samarbeid. Samstundes har Kommisjonen behov for å vise at den tek tak i utfordringar som faktisk opptek folk (globalisering, sosiale skilnader, terrorfrykt). På ein del av desse områda, er mange av dei aktuelle politiske tiltaka heilt eller delvis nasjonal kompetanse (t.d. sysselsettingspolitikk). Dette betyr at det er opp til medlemslanda kor mykje og tett dei vil samarbeide. Samstundes har ulike kriser dei siste åra ført til tettare samarbeid på ein del område. Dette gjeld både etter finanskrisa (t.d. styrka økonomisk og monterært styring og kontroll), migrasjonskrisa (t.d. felles grense- og kystvakt) etter terroråtak og auka global usikkerheit (t.d. styrka forsvarssamarbeid).

Det er likevel store skilnader mellom landa på viktige område. Dette vil kome klart til syne i debatten om EUs budsjett frå 2020. Jamvel om budsjettdiskusjonen alltid er krevjande, vil den truleg bli ekstra krevjande denne gongen. Dragkampen mellom overføring til landbruk (som ikkje minst Frankrike er opptatt av), strukturtiltak (til dei fattigaste landa i EU) og tiltak for å sikre innovasjon og forskning (typiske støtta av nord-europeiske land) blir derfor ekstra tøff. I tillegg kjem brexit som gjer at EU får ein netto bidragssytar mindre og det er reist debatt om rabattordningane for dei landa som er netto bidragssytarar. I tillegg er det ein gryande debatt i mange land som er netto bidragssytarar om overføringar til land som Polen og Ungarn. Både Polen og Ungarn blir sett på som bremseklossar i kampen mot klimaendringar og er skeptiske til å ta sin del av migrantane som har kome til Europa. Dessutan utviklarar dei seg i negativ retning når det gjeld rettsstatsprinsipp. Samla kan det bli politisk vanskeleg for t.d. nederlandske eller svenske politikarar å argumentere for netto overføringar til desse landa.

Mange av dei politiske vala EU gjer, vil påverke Noreg. Dette omfattar både politiske val for den indre marknaden som kan gje nye EØS-relevante reglar og storleiken på budsjettet. EUs prioritering av forskning og innovasjon vil påverke den norske kontingenten for deltaking i

program som Horisont 2020. Debatten om EUs rolle på forsvarsområdet og om samarbeidet mellom EU og NATO, er også viktig for Noreg.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no